

## **Styremøte i V.I.L**

**Klubbhuset 20.01.2015**

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Karianne Vestre Døving, Trond Håvoll, Kristin Sandnes, Kikki Magnussen, Ellisiv Jarvik, Inge Sunde, Magne Eivind Glomnes og Jan Ole Fuglem.

Saker:

### **1. Orientering frå gruppene**

Orientering frå leiar:

Løypa: Stolpane som har vore sett ut i løypa er no fjerna, og løypa går som normalt. Ein advokat på Molde skal kome med ei tilråding til V.I.L i den aktuelle saka.

Køyring av trakkemaskin: V.I.L har fått løyve til å køyre trakkemaskin på Slettvikane iht Verneforeskriftene fram til 20.april.

Kopimaskin: V.I.L treng ei ny kopimaskin på klubbhuset.

Idrettslaget kjøper ei som tener til bruken til idrettslaget.

Rydding: Lageret i kjellaren på klubbhuset **MÅ** ryddast.

Kunstgras: Søknaden om spelemedilar til kunstgrasbana er sendt inn.

Ski: Sesongen går no for fullt med skikafe, cuprenn, sonerenn, skiskyting og trening. Den nye trakkemaskina er teke i bruk. Det er stor aktivitet og mange som er med.

Fotball: Påmeldingsfristen for laga som skal vere med denne sesongen er 25. januar. Det har blitt bestemt kva lag som skal vere med, og det har også blitt utforma retningslinjer som skal gjelde.

Friidrett: Det har vore søkt om at Mefjellet opp 2015 blir Norges Cup.

Trim: Det var bra oppmøte på nyttårsmarsjen.

## **2. Friluftslivets år**

Det er viktig at ein finn gode tiltak knytt til Friluftslivets år 2015. Spesielt skigruppa og trimgruppa kan tenke på om dei kan legge inn eit arrangement.

Det har blitt kjøpt inn ei bålpanne til å ha på klubbhuset. Det har vore snakk om å grille pølser i bålpanna under skikafe.

## **3. Fleirbrukskall/kulturbrygg**

Det må lagast ei gruppe som jobbar med kva brukarane kan bidra med. I denne gruppa skal det vere representantar frå idrettslaget, musikk/kultur og næringsliv. Denne gruppa skal også prøve å få inn pengar. Vi må ta kontakt med byggherren for å få vite kva vi kan bidra med, og håpar på at dette kan kome i gang i løpet av februar

Øyvind Hoel har sagt ja til å stille i denne gruppa for idrettslaget.

## **4. Tilkomst til klubbhuset**

Det skal vere universell utforming for funksjonshemma med tilkomst til hovudetasjen. Behovet er ikkje så stort om vinteren, men idrettslaget stiller opp ved behov.

Det er viktig å ferdigstille huset for å få godkjenne arbeidet slik at ein kan få utbetalet spelemidlar.

Det står igjen å få på plass enkelte lister, merking av trapp og lyddemping i sal.

## **5. Marknad**

Det blir marknad 11. april.

Idrettslaget kan tene inntil 40.000 kroner på marknaden så det er viktig at vi arrangerer marknad. Dersom samfunnshuset er under riving/bygging må vi finne ein annan stad å ha marknaden.

Kven kan hjelpe til på marknaden?

Einar, Ellisiv, Anders og Trond sa at dei kunne hjelpe til. Ein må elles plukke folk frå medlemslistene.

## **6. Olsok- Mefjellet opp**

Det førebuande arbeidet til Olsok må organiserast. Det er 25 års jubileum for Olsok i år.

Ein må halde seg til det som fungerer. Mini- dilten var positiv på Olsokarrangementet i fjor.

Olsok i fjor var det beste året mtp resultat. Vaktene blei veldig bra koordinert i fjor. Terese J. Moen gjorde ein svært god jobb. Dei som hadde hovudansvar i fjor blir spurt på nytt i år. Det er viktig å få med unge/nye i komiteane.

Forslag: Spørje Lillian Hoel om å ta økonomi ansvar.

## **7. Eventuelt**

Idrettslaget har ikkje vore fornøgd med vaskinga på klubbhuset. Idrettslaget må finne ein ny vaskar.

Årsmøte for hovudlaget blir 4. mars.

